



RS sak

Dato: 03.06.2014
Arkivsak: 2014/17239-1
Saksbehandlar: bjomidt

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Nytteprinsippet - svar på spørsmål stilt i FUV 20.5.2014

Spørsmål

I samband med handsaminga av sak PS109/14 «Bompengepakken Stord vestside – søknad om forlenga innkrevingsperiode» i fylkesutvalet 20.5.2014, stilte Sveinung Valle (A) slikt spørsmål:

"Nytteprinsippet i samband med bompengepakken/bompengeinnkrevjing er eit sentralt kriterium for godkjenning/avslag av bompengeprosjekt. Er det motteke nye signal/direktiv/endra praksis frå Vegdirektoratet/departementet om korleis nytteprinsippet er å forstå etter 2011?"

Fylkesrådmannen sitt svar

Det er ikkje gjeve nye signal om endringar frå Samferdselsdepartementet eller Statens vegvesen dei seinare åra om korleis nytteprinsippet er å forstå.

Kravet om samanheng mellom nytte og betaling er eit viktig prinsipp som skal leggjast til grunn for bompengeinnkreving. Det inneber at dei som betalar bompengar skal ha nytte av vegprosjektet som bompengane finansierer. Like eins må dei som har nytte av prosjektet vera med på å betala. Dette siste punktet vart slått fast i [St.meld. nr. 24 \(2003 – 2004\)](#):

«Det er tidligere lagt til grunn at de som betaler bompenger, skal ha nytte av vegprosjektet. Sammenhengen må også gå andre vegen, slik at de som har nytte av et vegprosjekt, også skal betale bompenger.»

Krava som følgjer av nytteprinsippet gjeld både geografisk og i tid. Nytteprinsippet er også understreka i [St.meld. nr. 16 \(2008 – 2009\)](#) og i [St.meld. nr. 26 \(2012-2013\)](#)

I St. meld. nr. 26 Nasjonal transportplan 2014-2023 (s.95) vert det vist til at bompengeprosjekt i ulik grad har teke omsyn til nytteprinsippet:

«Utformingen av regelverket for bompengefinansiering har ført til en utflytende praktisering i mange bompengeprosjekt. Dette skyldes at reguleringen av bompengefinansiering er gitt med et fåtalls bestemmelser i lov og forskrift, mens en rekke sentrale forhold bare er omtalt i veilederne retningslinjer. En konsekvens av dette har vært at vedtak om bompengeprosjekt i ulik grad har tatt hensyn til nytteprinsippet»

For nærmare omtale av nytteprinsippet i bompengeordningane, viser fylkesrådmannen til pkt. 1.1.2 i [Håndbok V718 Bompengeprosjekter](#), frå Statens vegvesen.